

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - L05	15/533

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2016	Formannskapet	PS	20.01.2016

Utviklingsprogrammet for byregionar, status og deltaking

Vedlegg:

Deltakelse i fase 2 i utviklingsprogrammet for byregioner og fellessamling 24. september
Deltaking i det nasjonale Byregionutviklingsprogrammet
Utviklingsprogrammet for byregioner søknad til fase 2. frist 1. mai
Rapport - Flere robuste, bærekraftige sentre i en felles bo og arbeidsregion - Økonomisk samhandling i Bergensregionen
byprogrammet_fylkesvis_oversikt

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune tek del i det statlege Utviklingsprogrammet for byregionar, kalla Byregionprogrammet (ByR) 2015- 2017, i tråd med formannskapet sitt vedtak i sak 45/2015, møte 22.04.2015. Dei andre kommunane som tek del er Lindås, Fjell og Os.

Arbeidet kom for alvor i gang hausten 2015, m.a. etter at prosjektleiar var på plass (i Fjell kommune). I desember var dei administrative prosjektdeltakarane på ei samling for å leggje opp den vidare prosessen. Administrasjonen legg med dette fram ein kort statusrapport. I tillegg er politkarane bedne om å peike ut sine deltakarar i prosessen.

Vurdering

Kommunane har i fellesskap kome fram til at det aktuelt å arbeide med tre tema, innafør dei rammene som ByR stiller opp:

- Sykkelglede for kvardagssyklisten
- Framtidas næringsliv
- Bumiljø for gode kvardagsliv

Desse tre tema er aktuelle i kvar kommune, og dei er geografisk lokalisert til sentra. Det handlar om å finne nøklar for å utvikle robuste og bærekraftige bynære sentra på ein klimavenleg / klimanøytral måte.

Kommunane har fordelt seg på dei ulike temaene, slik at kvar kommune er med på fleire tema. I løpet av januar skal arbeidet konkretiserast. Tidleg i februar er det nettverkssamling i Oslo.

Kompetansesenteret for Distriktsutvikling (KDU) har fått i oppgåve av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) å følge opp programmet. KDU har m.a. plukka ut vår region som dei ønskjer å ha som «følgecase».

Kvar kommune nyttar sine politiske utval som lokal styringsgruppe og for deltaking i felles politikarsamlingar. Den første samlinga går av stabelen 26. februar.

Folkehelse: Finne utbyggingsmønster som byggjer opp under folkehelse, miljø og trivsel

Miljø: Auka fokus på klimavenleg og energinøytral vekst og utvikling

Økonomi: Eigeninnsats i form av arbeidstimar, i allereie pågåande planarbeid

Konklusjon

Administrasjonen finn programmet særst interessant og relevant, og det passar godt inn i planoppgåvene som Meland allereie har prioritert, i særstilling Flatøy og Midtmarka.

Formannskapet peiker ut lokal styringsgruppe, som også tek del i fellessamlingar med andre kommunar. Den første samlinga er på dagtid 26. februar.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet tek saka til orientering.

Politisk styringsgruppe:

.....»

Formannskapet - 09/2016

FS - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

"Politisk styringsgruppe:

Formannskapet»

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

«Formannskapet tek saka til orientering.

Politisk styringsgruppe:

Formannskapet»